

Litt info om straumutfalla i jula - Rukkedalen, Natten, Myking, m.v.

Generelt

Me ønskjer her å informere litt rundt straumutfalla som har vore i Rukkedalen og omegn i det siste. Me forstår godt at folk er irritert og oppgitt når straumen forsvinn. Me i Hallingdal Kraftnett har som mål at alle skal ha stabil straumforsyning, og kan forsikre at straumutfall er noko av det me likar aller dårlegast.

I tillegg blir me gjennom Statens økonomiske regulering av nettselskapa ilagt store bøter ved straumutfall. Dette medfører at motivasjonen vår for å unngå straumutfall er stor.

Årsaker

Den 26.12 kl. 09:12 oppstod ein jordfeil i høgspennettet mot Rukkedalen. Det viste seg at årsaka var ei defekt bendsling. Dette skuldast truleg påkjenningar i samband med snø og islast tidlegare i desember. Denne feilen vart retta, men seinare same dag oppstod ny feil som to ulike indikasjonar i styringssystema våre også tolka som jordfeil, noko feilsøket måtte ta utgangspunkt i. Dette viste seg seinare å vere ein systemfeil i kontrollanlegget (relévern) som forleda oss i feilrettinga. Dette førte til at me også fekk problem dagen etter og at utkoplingstidene vart lange.

Me trur at det ovf.nevnte var dei faktiske årsakene til feilane og har ikkje avdekka andre.

Me har elles føretatt gjentatte befaringar av linjene i Rukkedalen gjennom heile romjula der me i tillegg til visuelle befaringar har føretatt sikringshogst. I tillegg har me også føreteke befaringar med drone der me også har brukt termokamera og gjennomgått aktuelle punkt på strekningen.

I tillegg til feila i romjula var det i desember to utfall i første del av månaden som skuldast trepåfall ved Gudbrandsrud. (I samband med dette hadde me i tillegg to varsla avbrudd i for nødvendig fjerning av tre)

Når det gjeld skogrydding så er det lovpålagt breidde på ryddegatene. Ein del av det som skapar problem for oss med dei gitte snøforholda/snøtypen, er busker av typen som fotoet under viser. Desse viser seg vanskeleg å gardere seg mot.



Vil det komme fleire straumutfall?

Dessverre kan ingen nettselskap garantere 100% oppetid. Me skal gjere det me kan for at leveringssikkerheiten skal vere så høg som mogeleg, men med snø som legg seg tungt på busker og tre kan det oppstå fleire utfall.

Når det skjer straumutfall skal me forsøke å redusere utkoplingstida så mykje som mogeleg.

Kapasitet i dagens nett

Rukkedalen og heile området fram til grense Nore er forsynt gjennom ein 22 kV høgspenning (FeAl 95 SP) frå Nesbyen Sekundærstasjon i Nesbyen sentrum. Kapasiteten på denne linja er utnytta ca. 50% når me har maks belastning i området. (dette gjeld ved 0°C, og ved lågare temp. kan linja belastast ytterlegare)

Nesbyen Sekundærstasjon har kapasitetsutnyttelse på ca. 60% når forbruket er på det aller høgaste.

Avgreininga inn til Mykingområdet har ein kapasitet som er ca. 40% utnytta ved dagens maksbelastning.

Det er m.a.o. ikkje kapasitetsproblem som har skapt vanskane i jula.

Forsterka framføring

Sølv om me ikkje har kapasitetsproblem i området ønskjer me å etablere ei parallell forsyning til Rukkedalen. HKN sette medio desember i drift ei ny hovudinmatning til Nesbyen Kommune. Denne vil også komme dette området til gode, men det gjenstår å bygge ein ny 5,5 km kraftledning mellom den nye stasjonen og Rukkedalen. Denne er planlagt å fullføre i a. 2021. Bakgrunnen for å bygge denne linja er å oppnå ein reserveveg og vil gje muligheit for to-sidig innmatning til store delar av området, og på den måten redusere utkoplingstider.

Erstatning og klage

På linken under ligg det ein del informasjon for den som ønskjer å klage på nettselskap.

<https://www.nve.no/stromkunde/strombrudd-rettigheter-og-regler/>

Andre ting

Me får ein del henvendelsar frå folk som påpeikar at det er dårleg rydda langs Rukkedalsvegen. Høgspenninglinja som forsyner Rukkedalen går i svært liten grad langs vegen og det mange har observert gjeld nok for det meste telefonlinjer og enkelte lågspenninglinjer. Dette påvirkar ikkje forsyninga til Rukkedalen og dei feilane som har oppstått.

For ytterlegare spørsmål kontakt: oystein.velure@hallingdal-kraftnett.no